

## Infoskriv juni 2017

### Nye Ogna skule

Arbeidet med skulen er i rute. Det er no planta hekk langs nordsida av tomta, og i tillegg er det grave ut til skatebowl. Resten av leikeområdet ute byrjar og å ta form. Busshaldeplassen ved FV 44 er planlagt å stå klar til skulestart i august. Skulestart på den nye skulen er fortsatt sett til 3. januar 2018.



### Organisering av skuleveka skuleåret 2017/2018

Som eg skreiv i eit tidlegare infoskriv så skal elevane på 1. – 7. trinn på Ogna skule gå halv dag på tysdagar. I tillegg blir det halv dag på torsdagar for 1. og 2. trinn. Elles vil skuledagane starta og slutta på same tid som no fram til me flyttar inn i ny skule.

Unntaket er dei 3 første tysdagane i haust og dei 3 siste tysdagane før sommaren 2018. Desse 6 halve tysdagane skal nyttast til uteskule i naturfag på same måte som inneverande skuleår. Grunnen til dette er auka timetal i naturfag som blei sett i verk frå nasjonalt hald førre skuleår.

### Personalsituasjonen skuleåret 2017/2018

Her er ei oversikt over kontaktlærarane til hausten:

1. trinn: Liv Lende Olsen og Ingeborg Salte
2. trinn: Tone Gundersen Haugen og Mai Lise Haga
3. trinn: Oddrun Aksnes og Margrete Kverneland Herredsvela
4. trinn: Anne-Mari Turøy Sirevåg og Oddvar Hausken
5. trinn: Kirsten Iren Dubland og Lars Bruhaug
6. trinn: Asgeir Lie og Anne-Mette Silseth
7. trinn: Arild Skretting og Janne Beth Lygren
8. trinn: Synnøve Romsdal og Livar Mellemstrand
9. trinn: Kari Ueland og Inger Varhaug
10. trinn: Jorunn Rugland Høidahl og Jon Petter Nordbø

Elles kjem Marianne Særheim tilbake frå permisjon. Ho er sosionom. Me har og tilsett to nye barne- og ungdomsarbeidarar; Ine Søyland Bø og Lene Hestnes.

### **Pedagogisk bruk av IKT i undervisninga**

Dette skuleåret har kommunen, saman med skulane, arbeidd med prosjektet «pedagogisk bruk av IKT i skulane i Hå». Målet er at skulane og elevane skal nytta IKT på ein god og framtidsretta måte. Hå kommune har no konkludert med kontorpakke G-Suite frå Google. Det blir og ei innføring av Chromebook som verktøy/device. Alle elevane i Hå kommune skal ha sin eigen Chromebook eller PC i løpet av neste skuleår.

### **Oppstart neste skuleår**

Første skuledag vert torsdag 17. august kl. 08:20 for alle elevane.

## **GOD SOMMAR!**



Med helsing

Helge Håland  
Rektor